

## Invitasjon – Næringsfrokost

Hjartdal kommune har gleda av å invitere næringsdrivande i Hjartdal kommune til frokostmøte torsdag 30.august kl. 08.00 - 09.00 på Kommunestyresalen.

Frokosten seiast å vere dagens viktigaste måltid, og bør vere næringsrik og gje energi til vidare arbeid. Kommunen sin tanke med denne invitasjonen er å skape ein møtearena for dykk som driv næring i kommunen vår, ofte berre i selskap med seg sjølv eller nokre få andre. Ved å møte andre, anten det er kolleger eller folk i heilt andre bransjer håper vi at kommunen kan bidra til å byggje relasjonar til nytte for alle ved eit slikt arrangement. Mennesket lever ikkje av brød åleine, så vi ønskjer å nytte høvet til å gje informasjon om kommunalt næringsarbeid, og ikkje minst utfordre dykk på å ta del i dette. Konkret ønskjer vi at næringsdrivande i Hjartdal kommune kan oppnemne to kandidatar til styre for fondsmidlar knytt til kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, og vi håper å få framlegg til desse kandidatane under frokostmøtet.

Vidare er kommunen igang med omorganisering av næringsfonda sine, og ønskjer å informere om dette.

Sist, men ikkje minst, er sak vedrørande styrking av det kommunale nærings- og utviklingsarbeidet som er under arbeid, og vi vil informere om dette i møtet.

Agenda:

- Velkomen v.ordførar Sven Tore Løkslid
  - Reorganisering av næringsfond, nye vedtekter v. kommunalsjef Bjørn Rugaas
  - Oppretting av styre for Utviklingsfondet - vi ønskjer to representantar frå næringslivet
  - Styrking av det kommunale nærings- og utviklingsarbeidet v. rådmann Rune Engehult
- Servering av frokost.

Vi ønskjer at du melder deg på til servicekontoret, tlf. 35 02 80 00 eller til [postmottak@hjartdal.kommune.no](mailto:postmottak@hjartdal.kommune.no) innan måndag 27.08.

Vel møtt!

Sven Tore Løkslid  
Ordførar